



Nord-Aurdal kommune

Kommunal- og regionaldepartementet
Kommunalavdelinga
Postboks 8129 Dep
0032 OSLO

Attn:

Deres ref.:

Vår ref.:
rudodd - 08/7641

Vår dato:
08.09.2008

Høyringsnotat om endringar i vallova og kommunelova

Nord-Aurdal formannskap behandla forslag til endringar i vallova og kommunelova under sa nr. 060/08. Det vart fatta fylgjande vedtak:

Formannskapet sluttar seg til dei foreslegne endringane i vallova og kommunelova. Eventuelle meirutgifter som fylgje av lovendingane må bli kompensert.

Kopi av møteboka fylgjer vedlagt.

Med hilsen
etter fullmakt


Oddgeir Rudi
saksbehandlar

VEDLEGG

Nord-Aurdal kommune
Utvalgssak

Behandlet av	Møtedato	Saksnr.	Saksbehandler
Formannskapet	28.08.2008		rudodd

Forslag til endringer i vallova og kommunelova - høyring

Vedlegg:

- Forslag til endringer i vallova og kommunelova.

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	27.06.2008	Kommunal- og regionaldepartementet	Høyringsnotat om endringer i vallova og kommunelova

Saksopplysningar:

Kommunal- og regionaldepartementet har ved brev av 27.06.2008 sendt ut på høyring forslag til enkelte endringer i vallova og kommunelova. I høyringsnotatet har departementet også ein gjennomgang av evalueringa etter lokalvalet i 2007.

Merknader til forslaga skal vere sendt departementet innan 30. september 2008.

(Høyringsnotatet er lagt ut på departementets sine heimesider:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/hoeringer.html?id=1940>)

I saksframstillinga nedanfor nyttar ein same nummerering som i høyringsnotatet.

1 Innleiing

Departementet legg fram forslag til desse lovendringane:

- Forslag om å innføre ei ordning med "tidlegrøysting", det vil seie at veljarane frå 1. juli skal ha høve til å vende seg til kommunen og be om å få røyste før den ordinære førehandsrøystinga tek til 10. august.
- Forslag om at kommunen kan fastsetje at vallokala på valdagen skal halde ope til kl. 2100. Det blir foreslått at ein tredel av medlemmene i kommunestyret kan bestemme at vallokala skal halde ope til kl. 2100.
- Forslag om at ein tredel av medlemmene i kommunestyret kan bestemme at kommunen skal halde todagars val.
- Forslag om innføring av lovbrotsgebyr ved brot på vallova § 9-9.
- Forslag om heimel for valobservasjon.
- Forslag om ei prinsippføresegn i kommunelova om rådgivande lokale folkerøystingar og heimel for innsamling av data om slike folkerøystingar.

2 Evaluering av valet i 2007

2.1 Innleiing

Departementet meiner at det er viktig ikkje å innføre endringar i systemet utan at det er klare behov og gode grunnar for dette. Gjennomføring av val krev at det blir etablert eit omfattande apparat i kvar enkelt kommune med mange detaljerte rutinar som alle valfunksjonærar må setje seg inn i. Ferske endringar bør få verke ei tid før ein eventuelt gjer større endringar. Det er ikkje minst klokt å vere varsam med endringar som gjeld sjølve røystinga.

2.2 Statistikk

Valdeltaking

Valdeltakinga ved både kommunestyre- og fylkestingsvalet auka i 2007. Valdeltakinga ved kommunestyrevalet i 2007 var på 61,2 prosent – ein auke på 2,2 prosentpoeng frå valet i 2003. Ved fylkestingsvalet gjekk deltakinga opp frå 55,6 prosent i 2003 til 57,5 prosent i 2007.

Mottekne førehandsrøyster

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2007 var det om lag 374 000 personar som røysta på førehand. Dette utgjorde 16,7 prosent av dei som røysta. Dette er ein klar auke i høve til talet på førehandsrøyster ved valet i 2003.

Forkastingar

Regleverket for godkjenning og forkasting av røystegivingar og røystesetlar vart endra før valet i 2003. Utgangspunktet for forenkla regelverk var at færrest moglege forhold skulle føre til forkastingar. Alt tyder på at målsetjinga om færre forkasta røyster er nådd.

2.4 Tilrettelegging for funksjonshemma

Departementet meiner at kommunane kan bli betre til å leggje til rette for at funksjonshemma skal kunne røyste på eiga hand. Valforskrifta krev at alle vallokala skal vere lagde til rette for at alle skal kunne røyste. Undersøking viser at det manglar ein del før dette er oppfylt. – Ikkje trinnfri hovudinngang, ikkje røysteavlukke for rullestolbrukarar og ikkje lagt til rette for at blinde og svaksynte kan røyste utan hjelp frå andre.

Departementet oppmoder kommunane til å samarbeide med representantar for dei ulike brukargruppene og dei kommunale råda for funksjonshemma når dei planlegg gjennomføringa av valet.

2.5 Vurderingar og forslag frå departementet

Undersøking viser – etter departementet si tolking – at informasjonsverksemda før valet i 2007 har nådd målsetjingane, og at informasjonen har nådd fram og var tilgjengelege for målgruppene. Informasjonsbehovet før kvart val er stort både hos veljarane og valmedarbeidarane.

2.6 Legitimasjonsplikt ved røystinga

Departementet finn ikkje noko grunnlag for å gå bort frå eller lette på kravet til legitimasjon. Nokre få veljarar ser ut til å mangle legitimasjon heilt, men departementet har komme til at ein ikkje ser det som føremålstenleg å påleggje kommunane å skrive ut gratis legitimasjon i samband med røystinga.

2.8 Om bruk av maskinelle teljesystem

Ved valet i 2007 fekk fleire kommunar problem med det maskinelle systemet for behandling av røystesetlar. Desse problema har aktualisert spørsmålet om ei eventuell sertifiserings- eller

godkjenningsordning av maskinelle systemløyningar for teljing og behandling av teljeresultat. Departementet vil vurdere kva som skal gjerast.

3 Førehandsrøystinga

3.2 Stad for røystinga

Departementet er komme til at det ikkje bør lovfestast førehandsrøysting på bestemte stader no, utover det som alt gjeld for helse- og sosialinstitusjonar. Departementet meiner likevel at spørsmålet om veljarane har gode nok moglegheiter til å førehandsrøysta, er eit spørsmål ein ikkje kan vurdere ein gong for alle. Departementet vil i eige skriv understreka behovet for så god tilrettelegging av førehandsrøysting som mogleg, særleg for ungdom og at høve til førehandsrøysting på vidaregåande og høgare utdanningsinstitusjonar må vurderast særskilt.

3.3 Opningstider i lokala for førehandsrøysting

Departementet finn ikkje grunnlag for å lovfeste bestemte opningstider no. Det er likevel viktig at veljarane får høve til å røyste på tidspunkt som passar dei. Særleg meiner departementet det kan vere problematisk dersom vallokalet ikkje er tilgjengeleg etter arbeidstid. Departementet ber kommunane om å vurdere å ha langope fleire dagar, særleg mot slutten av perioden med førehandsrøysting, og å vurdere å opne tidlegare om morgonen enn det som har vore praksis til no. Kommunane bør og vurdere å halde laurdagsope heile perioden.

3.4 Perioden for førehandsrøysting

Vallova fastset i § 8-1 at førehandsrøystinga innanriks (bortsette frå på Svalbard og Jan Mayen) tek til 10. august og blir avslutta siste fredag før valdagen. Før 2003 starta førehandsrøystinga 15. juli.

Perioden for førehandsrøysting blir drøfta i St.meld. nr. 33 (2007-2008) Eit sterkt lokaldemokrati. Departementet har vurdert om perioden for førehandsrøysting bør utvidast, eller om det alternativt bør etablerast ei ordning som legg til rette for røysting før den ordinære førehandsrøystinga tek til.

Det er særleg fiskarar og personar som arbeider i utanriksfart som meiner at perioden for førehandsrøysting er for kort. Det er også kome førespurnad frå utanlandsstuderande om å få røyste tidlegare enn 10. august.

Departementet meiner at omsynet til veljarane talar for at ein opnar for å røyste tidlegare enn 10. august. Men å påleggje kommunane brei tilrettelegging vil vera å overdimensjonere i høve til behovet. Dersom kommunane skulle påleggjast å legge til rette for førehandsrøysting frå 15. juli i alle løkale, vil dette føre til store kostnader både økonomisk og når det gjeld personell.

Departementet har derfor vurdert ei alternativ ordning der veljarar som ikkje kan røyste på førehand i den ordnære perioden innanriks og heller ikkje på valdagen, får høve til å vende seg til kommunen for å røyste ei viss tid før førehandsrøystinga tek til, det som vert kalla å "tidlegrøyste". Det vert foreslege at tidlegrøysting kan skje frå 1. juli og fram til 9. august. Departementet meiner at det ikkje er tenleg å lovfeste bestemte opningstider og stader. Utgangspunktet må vere at veljaren vender seg til kommunen og ber om å få røyste, og at vedkomande får oppgitt eit tidspunkt der han eller ho kan røyste. Kommunen kan likevel ikkje avgrense tida for når ein kan røyste på denne måten, til dømes til ein eller fleire bestemte dagar i veka. Det er likevel akseptabelt at mottaket skjer innanfor ordinær kontortid.

Det vert foreslege nytt fjerde ledd til vallovas § 8-1:

Velgere som oppholder seg innenriks, unntatt på Svalbard og Jan Mayen, og som ikke kan avgi stemme i perioden for forhåndsstemmegivning eller på valtinget, kan avgi stemme fra 1. juli og frem til forhåndsstemmegivningen starter 10. august i valgåret.

I høyringsnotatets pkt. 3.5 *Ambulerande røystemottak* og 3.6 *For seint innkomne førehandsrøyster* tar departementet opp noen problemstillingar utan at det vert foreslege endringar i vallova.

4 Røystinga på valtinget

4.2 Opningstid på valdagen

Vallova § 9-3 gir valstyra heimel til å fastsetje tid og stad for røystinga. Vallokala skal stengje seinast kl. 2000 på valdagen. Lova inneheld ingen andre føresegner når det gjeld opningstid for vallokala. Da den nye vallova vart vedteken i 2002, vart tidspunktet for når vallokala seinast skulle stengjast, endra frå kl. 2100 til kl. 2000.

Departementet meiner at evalueringa etter valet i 2007 ikkje gir grunnlag for å hevda at opningstider for vallokala fører til problem for veljarane med lange køer når lokala skal stengje. Likevel meiner departementet at det kan vere grunn til å vurdere om det skal vere høve til å halde vallokala ope ein time lenger måndag kveld. Mange veljarar opplever eit tidspress i kvardagen ved at dei har mykje å gjere og får dårleg tid etter arbeidsdagens slutt. Dette kan føre til at dei ikkje prioriterer å gå til røystelokale. Lenge opningstid vil kunne gi veljarane betre tid og føre til at dei finn betre rom for å kunne røyste. Departementet vil derfor føreslå at det blir mogleg for kommunane å fastsetje at vallokala skal ha ope til kl. 2100.

I lokaldemokratimeldinga signaliserte departementet og at vallova burde endrast slik at dersom minst ein tredel av kommunestyrerepresentantane krev det, må vallokala halde ope til kl. 2100 på valdagen. Departementet vil derfor nå føreslå at det blir innført ein slik rett for mindretalet i kommunestyret. Det er eit generelt prinsipp i gjeldande lover at det er fleirtalet i eit organ som står bak vedtak dette organet gjer. Dette prinsippet meiner departementet det skal hegnast om. Det kan likevel vere at det i nokre samanhenger er rett å styrkje mindretalsrettar og gi mindretal i organet auka innverknad.

Departementet meiner og at kommunane bør vurdere å opne vallokala tidlegare på valdagen. I store kommunar kan det gjerne vere tenleg at lokala er opne frå kl. 0700 til kl. 2100. Det vert ikkje foreslege lovfesting av åpningstidspunkt.

Det ver foreslege at vallovas § 9-3 andre ledd skal lyde:

Valgstyret berstemmer hvor stemmegivningen skal foregå, og fastsetter tiden for stemmegivningen. Kommunestyret kan selv med tilslutning av så mange stemmer som tilsvarende minst 1/3 av kommunestyrets medlemmer, vedta å holde valglokalene åpne lenger enn det valgstyret har vedtatt. Stemmegivningen mandag må ikke foregå senere enn kl. 21.

4.3 Todagars val – ein rett for mindretalet i kommunestyret?

Departementet skriv i høyringsnotatet at sjølv om forskarane ikkje kan påvise nokon klar samanheng mellom valdeltaking og idagars val, meiner departementet at det å gjere røystinga enda meir tilgjengeleg har ein verdi i seg sjølv. Dersom eit mindretal i kommunestyret meiner at det er behov for å halde val også på søndag, meiner departementet det kan vere god grunn til at demokratiske prinsipp om brei deltaking tilseier at ein bør leggje

avgjerande vekt på meininga mindretalet har her. Departementet føreslår at vallova § 9-2 andre ledd skal lyde:

Kommunestyret kan selv vedta at det på ett eller flere steder i kommunen skal holde valg også søndagen før den offisielle valgdagen. Slikt vedtak treffes med tilslutning av så mange stemmer som tilsvarer minst 1/3 av kommunestyrets medlemmer.

4.4 Krav til kva røystesetlar som kan nyttast i vallokala

Departementet drøfter dette i høyringsnotatet, men det vert ikkje føreslått lovendringar.

4.5 Krav til røystestyremedlemmer og valfunksjonærar

Departementet skriv at det har vore stilt spørsmål ved om aktive politikarar og listekandidatar bør ha oppgåver i samband med avvikling av val. Somme vil meine at aktive politikarar ikkje har – eller kan mistenkjast for ikkje å ha – den nøytraliteten som må vere eit krav til den som har offisielle plikter i samband med avviklinga av val.

Departementet finn at det ikkje ligg føre sterke nok grunnar til at ein bør gå inn for å lovfeste avgrensingar med omsyn til kven som kan sitje i røystestyra eller fungere som valfunksjonærar. Departementet ser likevel at det særleg kan vere uheldig at listekandidatar blir valde inn i røystestyra og/eller får ei framståande rolle i vallokalet.

4.6 Bør vi innføre røystesetelkonvoluttar på valdagen att?

Departementet skriv at det har vore reist spørsmål om manglande røystesetelkonvolutt på valtinget er i strid med prinsippet om hemmeleg val. Det har vorte peikt på at veljarane i ein del tilfelle har bretta røystesetlane feil, slik at det er synleg for andre i vallokalet kva for ei valliste setelen gjeld. Det har og vorte hevda at valfunksjonærane i nokre tilfelle skal ha opna den samanbretta røystesetelen for å kontrollere at det ikkje ligg fleire setlar inni kvarandre.

Etter evalueringa av siste valet er det svært få av kommunane som har svara på evalueringsskjemaet, som har meldt at det oppstod feil ved bretta av røystesetlane.

Departementet konkluderer med at det i alle vallokale må det finnast informasjon om korleis setelen skal brettast. Same informasjonen bør ein ha i avlukka, i tillegg til at det bør skrivast på sjølve røystesetelen. Departementet peiker elles på at hyppige endringar av regleverket ikkje vil vere gunstig i seg sjølv, sidan det kan forvirre både veljarane og dei som skal praktisere reglane, og gjere dei usikre.

Departementet meiner våre krav til hemmeleg røysting er i samsvar med dei krava som vert sett internasjonalt og finn ikkje grunn til å gå attende til ordninga med krav om bruk av røystesetelkonvolutt ved røystegjeving på valdagen.

5 Sanksjon for brot på vallova § 9-9

Etter vallova § 9-9 er det forbode å offentleggjere er det forbode å offentleggjere valresultat og prognosar som r laga av undersøkingar ein har gjort den dagen eller dei dagane valet går føre seg, før alle vallokale er stengde kl. 2000 på valdagen.

Ei offentleggjering er med andre ord eit lovbro. Lovbrotet er likevel ikkje straffesanksjonert.

Ved stortingsvalet i 2005 vart det offentleggjort resultat frå ei valdagsmåling før kl. 2000 på valdagen. Ved det same valet vart det også ved eit mistak røpa opplysningar frå innrapporterte valresultat før kl. 200. Også ved tidlegare val har valresultat ved mistak vorte offentleggjorde før kl. 2000. Departementet meiner på bakgrunn av dette at det kan vere

grunn til å vurdere om brot på § 9-9 bør sanksjonerast slik at forbodet blir mest mogleg effektivt.

Etter ein omfattande drøfting av spørsmålet om sanksjonering i høyringsnotatet, har departementet føreslått ny § 15-11 i vallova:

§ 15-11 Overtredelsesgebyr

- (1) Medietilsynet kan ved uaktsom og forsettlig overtredelse av § 9-9 ilægge overtredelsesgebyr til staten fastsatt etter nærmere regler gitt av departementet.**
- (2) Overtredelsesgebyret pålegges den som er ansvarlig for offentliggjøringa. Det bør ved fastsettelsen av størrelsen på gebyret legges vekt på overtredelsens karakter og grovhet. Ved gjentatte overtredelser av § 9-9 kan gebyret forhøyes. Gebyret er beløpsmessig begrensa oppad til kr 2.000.000.**
- (3) Vedtak om ilagt overtredelsesgebyr kan påklages til departementet.**
- (4) Ilagt overtredelsesgebyr er tvangsgrunnlag for utlegg.**
- (5) Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om gjennomføringa av bestemmelsene i denne paragraf, herunder om inndrivelse, renter og betalingsfrist.**

6 Valobservasjon

Noreg er gjennom ulike internasjonale konvensjonar og dokument forplikta til både å invitere og ta imot nasjonale og internasjonale valobservatørar. Valobservasjon vil seie at nasjonale eller internasjonale institusjonar og organisasjonar blir inviterte til eller sjølv tek initiativ til å kontrollere at gjennomføringa av val i landet går føre seg etter nasjonalt og internasjonalt regelverk. Valobservatørar skal observere og rapportere.

Det er heilt klart at både offentlege og private institusjonar og organisasjonar – nasjonale og internasjonale – har rett til å vere valobservatørar i Noreg.

Gjeldande vallovgiving har ingen føresegner om valobservasjon. Departementet har dermed ingen heimel verken til å skrive ut akkreditering for observatørar, til å leggje til rette for valobservasjon eller til å påleggje kommunane å ta imot observatørar.

For å klargjere det ansvaret Noreg har når det gjeld valobservasjon, og for å leggje tilhøva til rette for besøk av valobservatørar vil departementet føreslå at det blir teke inn ei føresegn om dette i vallova. Departementet føreslær derfor ein ny § 15-10 i vallova:

§ 15-10 Valgobservasjon

- (1) Departementet kan akkreditere nasjonale og internasjonale valgobservatørar fra institusjoner eller organisasjoner til å observere gjennomføringa av valg til Stortinget eller valg til kommunestyre og fylkesting.**
- (2) Kommunene er forpliktet til å ta imot akkrediterte valgobservatørar og tilrettelegge for valgobservasjon.**
- (3) Departementet kan gi forskrift om akkreditering av valgobservatørar og tilrettelegging av valgobservasjon.**

7 Lokale folkerøystingar

Departementet skriv at avvikling av lokale folkerøystingar er innarbeid praksis i det norske lokaldemokratiet, sjølv om slike folkerøystingar ikkje er lovregulerte. Vi kan sjå på lokale folkerøystingar som ein mellomting mellom uforpliktande meiningsmåling og bindande, kollektivt vedtak. Lokale folkerøystingar som blir arrangerte i Noreg, er likevel alltid rådgivande overfor kommunestyret, eventuelt fylkestinget, som har avgjerdsmonopol og det siste ordet.

Lokale rådgivande folkerøystingar har ein lang tradisjon. Denne tradisjonen har utvikla seg sjølv om vi ikkje har hatt eit generelt regelverk for slike val. Slik departementet ser det, er høvet til å gjennomføre folkerøystingar underkommunisert. Dette er ei viktig årsak til at departementet no vil føreslå å lovfeste prinsippet om den retten kommunane har til å halde lokale rådgivande folkerøystingar. Ein slik regel vil ha naturleg plass i kommunelova saman med reglane om innbyggjarinitiativ. Dette er reglar som departementet meiner utfyller kvarandre.

Det vert føreslått å gjere desse endringane i kommunelova:

Ny overskrift i kap. 6A skal lyde:

Kapittel 6A. Innbyggjerinitiativ og rådgivende lokale folkeavstemningar

Ny § 39b Lokale folkeavstemningar

- 1. Kommunestyret eller fylkestinget kan sjølv bestemme at det skal avholdes rådgivende lokal folkeavstemning.***
- 2. Kommunene og fylkeskommunene plikter å gi de oppgaver som departementet finner er nødvendige for å offentliggjøre informasjon om lokale folkeavstemninger.***

8 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet meiner forslaga ikkje vil medføre administrative og økonomiske konsekvensar av vesentleg verknad. Departementet legg til grunn at eventuell auking i utgiftene må dekkast innafør gjeldande budsjett

Vurdering:

Etter administrasjonens oppfatning er det grunn til slutte seg dei fleste lovendringsforslaga, men det er likevel eit par punkt som det bør vurderast å gi kommentarar til:

- § 8-1, nytt fjerde ledd – veljarar som ikkje kan røyste i perioden for førehandsrøysting eller på valdagen.
Innføring av ordning om "tidlegrøysting" frå 1. juli og fram til 9. august i valåret vil medføre ekstra ressursbruk for kommunane som må etablere eit mottaksapparat for desse stemmene. Da det truleg er svært få på landsbasis som ikkje har moglegheit til å røyste i den "ordinære" perioden, synes ulempa med å innføre ei slik ordning for stor i forhold til det ein oppnår.
- Til framlegga til endringar i vallovas § 9-2 og 3 om at eit mindretal i kommunestyret kan vedta at det skal haldes val også søndagen før valdagen og at vallokala skal haldes opne lenger enn det valstyret har bestemt, bør det drøftast om det er rett at eit mindretal skal ha denne retten.
- Eventuelle meirutgifter som fylgje av lovendringar, må kommunane gis kompensasjon for.

28.08.2008 Formannskapet

Formannskapet fremmet følgende omforente forslag til vedtak:

Formannskapet sluttar seg til dei foreslegne endringane i vallova og kommunelova.

Eventuelle meirutgifter for kommunane som fylgje av lovendringane må bli kompensert.

FS-060/08 Vedtak, enstemmig:

Formannskapet sluttar seg til dei foreslegne endringane i vallova og kommunelova.
Eventuelle meirutgifter for kommunane som fylgje av lovendingane må bli kompensert.

.....